

## **Informasjon til elevar og føresette med rett til skuleskyss**

Elevar i grunnskulen som har lengre enn 4 kilometer avstand mellom heim og skule har rett til skuleskyss. Dei får 2 skuleskyssbilletter for dagen, ein for å reise til skulen om morgonen og ein for å reise heim frå skulen etter at skuledagen er slutt. Elevar som skal nytta fritidsrommet kl. 06:00-12:00, og ikkje får gå heim før kl. 12:00-19:00. Skal dei reise andre stader, må ein kjøpe eigen billett til det.

### **Skuleskyssbillett på skulekort**

Alle elevar i Vestland med rett til skuleskyss har fått/ får tildelt eit personleg skulekort. Billetten i kortet vert automatisk oppdatert kvart skuleår så lenge dei har rett på skuleskyss. Elevar som skal starte på 8.trinn og som hadde skyss på barneskulen, brukar difor det same kortet som dei hadde der.

### **Skuleskyssbillett på mobil**

Elevar på ungdomskulen kan velje å ha skuleskyssbilletten i appen Skyss Billett.

Skuleskyssbillett på mobilen skal bidra til:

- ein enklare kvardag for elevane
- mindre administrasjon for skulane
- ei meir berekraftig og brukarvennleg løysing

### **Kva må du som elev på ungdomsskulen gjere for å bruke skuleskyssbillett på mobil?**

- Meld frå til skulen om at du ønskjer skuleskyssbilletten på mobil og oppgi telefonnummeret ditt.
- Sørg for å ha lasta ned Skyss Billett-appen på telefonen din.
- Logg inn med same telefonnummeret du oppga til skulen.
- Når skulen har registrert at du ønskjer skuleskyssbillett på mobil og søknad om skuleskyss er godkjent, vil billetten dukke opp under «mine billetter» i appen på alle skuledagar.
  
- Reis som vanleg til og frå skulen, og vis fram skuleskyssbilletten på mobilen ved behov. Sørg for å ha nok straum og mobildata på telefonen. Skulle det likevel vera tomt eller du har gløymt telefonen din, vil vektarane kunna søkje opp billetten ved hjelp av telefonnummeret ditt.

Meir info om skuleskyss finn de på Skyss sine nettsider. Ta eventuelt kontakt med skulen om du har spørsmål.